

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Elverum.

Mater å refse folk på.

Emne: Helsing, fakter og åtferder. Bygdelag: Bjølset og Haberget.

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard:

(adresse): Jømna st.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Dette har eg etter ymse heimelsmenn, og kan ikkje sa
nøye gjera greie for kvar.

SVAR

2. I Haberget og Flisberget i austre Elverum hørde eg at dei så seint som under siste krigen brukte skikken med å "reise skigard" rundt huset for at laurdagsfriare skulle røpe at dei hadde vore utpå. Denne skigarden var stenger eller tråder som var lagt opp på ymse vis, slik at friaren kom borti dei og dermed synte at han hadde vore utpå om natta.

3. I Elverum var det skikk at ein skulle komme og gje folk ris på senga langfredagsmorgonen. Det galdt om å koma seg tur senga før han med riset kom.

B. Ved å sette navn på folk.

4. Det var sett på som eit stort ~~mått~~ brot på vanleg folkeskikk å ga bort juledagen, men at det var noe namn på dei som gjorde det, har eg ikkje høyrd om.

5. Dei sa at den som ikkje fekk noe nytt plagg julekvelden skulle sitte på hogge-stabben den kvelden.